

KYRKJEBLAD


For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen




Dåp ved Utsondhalli

s. 4-7 Vandring i Kviteseid med Hans Kilen

s. 8 Konfirmantbilete





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Kyrkjeverje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: Dåpsbilde av familien Andersen
ved Utsondhalli, foto: Jørgen Moen
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Ei tid for å be

Av sokneprest Møyfrid Lunde

«*Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast oppfor dykk.*»
(Matt 7,7)

Dette er eitt av mange løfte frå Jesus som er knytt til det å be. Han har sagt at vi kan nytta hans namn når vi vender oss til vår felles Far i himmelen. Viss det er slik, kvifor er det så mange som ikkje nyttar sjansen, men heller seier: «Eg er ikkje van med å be til Gud»?

Eg trur det heng saman med kva bilete ein har av Gud. Nokon trur at Gud berre er interessert i visse åndelege spørsmål og ikkje alt anna vi møter i livet. Mange føler at det ikkje passar seg å snakke rett fram med Gud – om korleis ein opplever livet med dei følelsane, tankane og bekymringane som vi ber på i vår kvardag. Nokon trur at dei må rydde eller pynte på livet på ein særskilt måte før ein er klar til å snakke med Gud i bøn.

Men det mest sanne vi kan seie om Gud er at han **er alltid større**. Når vi ser på den vakre og mangfaldige verda han har skapt, korleis kan vi tru at han berre har avgrensa interesser for oss og den verda vi lever i?

Eg er glad for å ha budd på Madagaskar og lært meir om bøn av folk der. Der opplevde eg at dei kunne be i alle slags situasjonar, om alle slags ting. Det var både ting eg på førehand tenkte var for



små til å bry han med – ting eg tenkte vi menneske må klara sjølve. Og det var ting eg tenkte var for mykje å be om - ting eg ikkje såg noko løysing på. Det var ikkje sjeldan at dei opplevde å få bønesvar. Svara kunne kome på dei merkelegaste måtar. Desse erfaringane har gitt meg meir tillit til at Gud bryr seg om alle sider av livet. Og det har gitt meg meir tru på at bøn er ei svært verdifull gåve.


I bøna kjem vi til Gud med liva våre akkurat slik dei er, og ikkje slik vi skulle ynskje at dei var. Magnus Malm, ein svensk forfattar og åndeleg vegleiar, har uttrykt det slik: «All sannhet er en kontaktflate mot Gud, samme hvor uåndelig den enn kan virke. All løgn skiller oss fra Gud, samme hvor åndelig den enn kan virke.»

I heile verda er det ei spesiell tid no. Det er tid for å be. Snakk med Gud om korleis du har det. Snakk med han om dei som ligg deg på hjartet. Vi kan ha ei god forventning til det han vil gjere i denne kontakten mellom han og oss.

«*Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så uendeleg mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar.*» (Ef. 3,20)

På vandring med Hans Kilen i Kviteseid og kyrkjene

Hans Kilen vart fødd i Kviteseid 21. januar 1929. Foreldra hans var Ingeborg og Kittil Kilen. Han voks opp i Kviteseidbyen i lag med 6 sysken og gjekk i folkeskulen på Moen. Etter at han var konfirmert, vart han smedlærling hos far sin saman med dei to eldre brørne Kåre og Rolf. Dei starta som «opp-slagarar» hos faren som var frå Kilen. Han hadde solid 4-årig smed-utdanning frå Skien då kan kom til Kviteseid i 1913.



I møte med Hans Kilen og kona Ingrid, som har flytt inn i nytt husvære i Midtsundtunet, får me høre ei aktiv og spennande livshistorie. På ein rundtur til kyrkjene i Kviteseid talar me om personlege interesser og arbeidsfelt. Me kjem inn på oppvekst, yrke og handverk, som på ein aktuell måte er knytt til fleire av stadane.

Hans Kilen trefte tidleg kona si, Ingrid f. 1931. Ho kom frå Jelsa i Ryfylke i 1948 då ho fekk seg arbeid på eit gardsbruk i Kviteseid. Dei gifte seg i 1953 og fekk døtrene Brit Irene og Else Vivian. Hans og Rolf heldt fram med smed- og blikkenslagar-arbeid i Kviteseidbyen etter at faren var død i 1954. Dei arbeidde i lag fram til 1982. Då bygde Hans eigen verkstad i sentrumsområdet, og Ingrid fekk plass til si krambu. Der selde ho gåveartiklar, garn og tøy i fleire år.

Kva særprega oppvekst og heimemiljø i 1930- og 40-åra?

Hans Kilen fortel at mellomkrigstida var veldig annleis enn i dag. Sjølv hadde han ein god oppvekst, og foreldra var arbeidsame og snille. Personlege krav var ikkje store, og det var viktig å stå på med arbeidsinnsats i familien. Faren var dyktig som smed og hadde god etterspurnad. Denne perioden kom før den markerte maskin- og biltida sette inn. Difor var mange oppdrag knytt til gardsarbeid og reiskapar, hesteutstyr og praktiske ting.

Hans minnest at far hans var flink til å syngje, og han lika dikt. Hans kom sjølv til å få interesse for musikk og instrument. Då han var 7 år fekk han munnspeil i gáve. Det lærte han seg raskt til å bruke, og seinare fekk han mandolin og trekkspeil. Etter krigen vart han fast medlem i hornmusikken der han spela trumpet.

Korleis opplevdest utdanning og arbeidsituasjon?

- Etter krigen i 1945 vart det stor aktivitet i landet vårt, fortel Hans. Kviteseid var ein sentral stad i Vest-Telemark, med Telemarkskanalen som den store trafikkåra fram til 1960-åra. Her var det vekst og utbygging. Som 16-åring var det naturleg å gå inn i arbeidet saman med far i verkstaden hans. Det førde meg også vidare på sveisekurs i Oslo saman med bror Rolf.

Der lærde me mykje nytt i 1946. For første gong fekk me innföring i elektrisk sveising; noko som var svært nyttig i det manuelle smedfaget vårt. Det førde til at Kilen Smie i Kviteseid fekk mange nye oppdrag. Ikkje minst i ei tid då traktorar og nye maskiner kom i landbruket, og bilverkstadane var i stor vekst. Nyttig og lærerik vart også ein periode i 1950. Då tok eg arbeid på eit skipsverft i Kristiansand medan eg var forlova med Ingrid.

Kva meir kan nemnast om eige yrke og arbeidsoppgåver?

- Når eg ser tilbake, har eg hatt eit interessant liv, fortel Hans. Som smed- og blikkenslagar hadde eg ein bra læremester i far. Han hadde stor arbeidskraft med lange dagar frå kl. 07 til 17, og me lærde å halde god kontakt med kundar og andre

menneske. Dessutan var det viktig å gjere fint og solid arbeid. Etter krigen dukka det opp eit tydeleg behov for smiing av lamper, lysekroner og lampettar, som blei sende til Skien, Oslo og Stavanger. Mykje husbygging i Vest-Telemark førde også til mange oppdrag om takrenner, luftekanalar og pipehattar. Kan òg nemne at arbeid i samband med Tokkeutbygginga og opprusting av Kvitsund skule i siste del av 1950-åra var viktig.

Andre særmerkte oppdrag i arbeidsåra?


Desse forhold kjem me inn på under ein to dagars rundtur i kommunen vår. Me startar opp ved Kviteseid kyrkje, som vart innvigd våren 1916. Medan me ruslar rundt på Kyrkjehamaren, talar me også om bygg og kyrkjeportar.

- Kyrkja låg fint i bygda, men utan eigen kyrkjegard. Den kom ca. ti år seinare og fekk inngang oppi bakken med ein stor og vakker metallport, fortel Hans Kilen.

- Denne porten var det far min, Kittil Kilen, som teikna og smidde ferdig i 1927. Det var eit stort arbeid når ein tenkjer på det harde metallet og dei enkle reiskapane dei hadde i den tida.



Mange år seinare kom det på tale om ein hovudport ved inngangen til kykja. Det var den tida Olav Bjørgum var sokneprest i Kviteseid. Bjørgum laga ein illustrasjon, og så var det Rolf som laga porten ferdig i 1951.



Når me talar om symbolbruken her, ser me den tydelege krossen på toppen. Dei to ringane markerer tidsomgrepet æva. Bokstavane XP er greske og ligg over kvarandre, som første bokstavane i ordet XPISTOS – Kristus. Ved sida ser me to bokstavar til. Det er Alfa og Omega, første og siste bokstav i det greske alfabetet. I porten er det òg forma kornaks og drueklasar, som er symbol på nattverden.

Hans Kilen viser også ein litt mindre port, som han laga i 1953. Den vart tidlegare brukt i innkjørsla til høgre. No er porten komen på plass i inngangsområdet for den nye kyrkjegården i Kviteseid. Olav Bjørgum laga i si tid illustrasjonen til porten, som viser landskapet i Kviteseid med fjellformasjonar, vatn og sola som skin over det heile.



På køyreturen kjem me også innom kyrkjene i Brunkeberg, Kilen, Fjågesund og Vrådal. Her har Hans Kilen utført fleire viktige arbeid. I Brunkeberg smidde han vestporten ferdig i 1956. Her er forma gitt etter råd frå ein kyrkjearkitekt. Porten viser forma for Brunkeberg-kyrkja, som er ein bygning med krossplan.



Same porttype laga Hans også til Kilen kapell bygt i 1958; der gjorde han ferdig port og bygde kyrkjetårn i 1964.



I 1993 var viktig restaureringsarbeid på gang i Fjågesund, og i 1996 var det Vrådal sin tur. Hans Kilen fortel: - Fjågesund kyrkja som var innvigd i 1916, trong oppussing på fleire felt: tårn, tak og takrenner. Tårnet var øydelagt ovanfrå, så her måtte ein ny topp til, som blei kledd med koparplater. Taket måtte også fornyast. Skifer-taksteinen blei bytta ut med impregnert takplank, og nye takrenner sette på plass.

- Kyrkja i Vrådal var eit høgdeprosjekt, med store stillas. Tårnet måtte totalfornyast. Den mest spennande oppgåva var å få orden på den store koparkula med tårnskiltet. Det dreiar seg rundt med vinden og viser bygningsåret 1885. Eg fekk sjølv setje toppen på plass, seier Hans.

Når eg ser tilbake, har eg hatt eit interessant liv med skiftande arbeidsoppgåver. Opplevingar og møte med menneske har vore mange. Eg har vore velsigna med eit langt liv, sjølv om eg har hatt sjukdomsperiodar. Men Kviteseid har vore ein god heimstad. No er Inrid og eg mykje nøgde med å bu på Midtsundtunet, med flott utsyn over vatnet, sluttar Hans Kilen.



Tekst og foto: Olav Mosdøl



KONFIRMANTAR I KVITSEID 2020

1. rekke f. v.: Andrea Nordbø Venås, Thea Grindholm, Sigrid Marie Aarbakke og Andrine Lindestad.
2. rekke f. v.: Didrik Fosse Diriksen, Torje Grestad, Ragnhild Berge og Saamund Kvålsæth Midtbø.
3. rekke f. v.: sokneprest Møyfrið Lunde, Sondre Wrålsen Evjå, Henning Hovden Jansen og Halvor Brenne.


Foto: Kurt Nødland

Frivillig kontingent for Kyrkjebladet

Over 200 enkeltpersonar har gjeve gåver via giroen i bladet dei siste 3 åra. Du er kanskje ein av dei. Hjarteleg takk! Til og med august i år er det gjeve kr 14.500.

Litt om bladet:

Nær 1250 husstandar i Kviteseid fekk siste nummer av bladet. I tillegg sende vi i posten til Kviteseidingar og andre interesserte 90 blad. Redaktør for bladet er sokneprest Møyfrid Lunde. Med i redaksjonen er Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og Dagfinn Køhn (korrektur). Desse siste gjer arbeidet gratis på dugnad.



Erik Tanche Nilssen AS har utforminga og trykking. Eitt nummer kostar kr 13.600. Distribusjon via posten kostar kr 4440 og porto for 90 blad vert kr 2160. Samla utgifter for 4 nummer i året vert då over kr 80.000.

Vil du som les ta del i dugnaden med å dekkje litt av utgiftene?

Vi vil så gjerne nå deg med nyttig informasjon, gode ord og ei helsing, men det kostar.

Send kr 200,- eller valfritt beløp til bankkonto 2660.45.14648, eller veldig enkelt viss du har Vipps, til vårt nye nummer 3850

Ynskjer du skattefrådrag for gåvene, så skriv det i meldingsfeltet. (Gjeld for min. 500 kr/år). Alle gjevarar får takkebrev mot slutten av året.

Kvittering			
Innbetalt til konto		BeloP	Betalers kontonummer
2660.45.14648			
Betalingsinformasjon			
GIRO			
Underskrift ved girering			
Betalt av			
Betalt til			
Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid			
Kroner	Øre	Til konto	
<	>	2660.45.14648	

Nytt om kyrkjer og kyrkjegardar

Kviteseid gamle kyrkje

Arbeidet med utskifting av rotne delar på taka på gamlekyrkja er i full gang. Det som er øydelagt på vassbord, vindskier og pannebord, blir skifta ut. På taket må ein del av lektene byttast. Taksteinen er litt ujamn i form og storleik, så det samlar seg furunåler og anna under han. Då rustar spikrar, og lekter rotnar. Taket på våpenhuset (inngangspartiet) er heilt øydelagt på grunn av vatn som kjem frå hovudtaket. Her måtte også noko av ei botnsvill og noko av veggane bli skifta ut. No blir det sett opp takrenner av malmfurū på våpenhuset og vanlege takrenner elles. Dette vil også verne veggane mot sprut. Heile arbeidet må vere ferdig til midten av oktober p.g.a. fristen for rapport og rekneskap til Riksantikvaren. Gravminne og gravstell er gravfestarane sitt ansvar, men soknerådet tek ansvar for ein del gamle graver der festet har gått ut, dersom gravstedet er eit kulturminne. I sommar har vi stelt opp nokre eldgamle graver med smijernstakitt. Skjemmande kratt er fjerna, det er lagt duk og grus, og gjerdet er måla.

Fjågesund kyrkje

Høgtalaranlegget og teleslynga er no godt kjent av biskopen. Vi vonar at dette vil vere på plass til messa i slutten av oktober, og i alle fall til jol. Vi er takksame til lag og privatpersonar som har gjeve over 30 000 kr til dette. I tillegg kjem ein liten sum frå det gamle Fjågesund og Kilen sokn og resten frå soknerådet sitt budsjett. Kyrkja skal også få nye ljós i koret.

Vrådal kyrkje

Fylkesvegen ligg tett inntil bårehuset, og strøsand og anna legg seg opp etter veggen. No er grøfta reinska. Noko av kledningen må byttast, og så må vi finne ei løysing på korleis den nedre delen av veggen kan bli verna mot sand og sprut. Ved kyrkeveggen sette vi for ei tid sidan opp eit skur for diverse reidskapar så det vart ryddigare. Korleis det blir med det framover, er noko uvisst. Det er krav om 3 meters avstand frå vegg til gravfelt. I Vrådal er avstanden til kyrkeveggen kortare enn det, og avstanden frå skuret er enda kortare.

Kviteseid kyrkje

Garasjeanlegget ved bårehuset, som det sto bilete av i forrige nummer, er no ferdig. Toalletta er også fornøya. Det eine er gjort tilgjengeleg for funksjonshemma, og det er sett inn ein dusjslange, slik at personalet kan dusje dersom det er behov for det. To av dei seks store blyglasra på langveggen i kyrkja er sett i stand, og vi vonar å få teke to til i løpet av oktober-november.

Brunkeberg kyrkje


Det har vært rydda bort tre og kratt utanfor kyrkjegardsmuren som vender ned mot Rv. 41. Der vart det godt synleg eit mindre parti som har stått i fare for å rase ut. Soknerådet har no gått inn for å setje opp ein mindre støttemur på utsida av denne delen av muren.

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt,
og blei slukt av ein kval!

Teikning: Chiara Bertelli



Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli


Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?

Teikning: Chiara Bertelli



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Gamle Tobias
hadde køyrt bil i alle
år. No hadde han fått
seg nye briller, og kom
skjelvande heim til kona.
– Før eg fekk desse
brillene gjekk alt så bra
i trafikken. Men no
kjem jo bilene frå
alle kantar!

VITSAR

Det var
haust i Edens
hage. Plutseleg
kom eit fikenblad
virvlaende i vinden.
– Sjå Adam, ropte
Eva. – Ein usynleg
mann!

Trusopplæringsstiltak i haust

Samlinga for 4-åringane

vart arrangert i samband med hausttakkefesten i Brunkeberg kyrkje 27. september. Dei som ikkje kunne vere der å ta imot 4-årsboka i gudstenesta, vil få denne i etterkant. De kan hente boka på kyrkjekontoret, eller vi leverer på døra.

Tårnagentsamling

4. og 5. klassingar vert invitert til tårnagentsamling laurdag 31. oktober kl. 15-19. Samlinga skal vere i og ved Kviteseid gamle kyrkje. Her skal vi løyse nye opp-

drag og mysterier. Alle døypte som er født 2010 og 2011 får invitasjon i posten. Men alle andre i same alder er velkomne til å vere med. Ta kontakt for påmelding til prest@kyrkjetrappa.no. Sms til 469 07 321

Adventskalender til 5-åringar

Utdelinga skjer på gudstenesta i Vårdal kyrkje 29. november. Vi har samling for 5-åringane før gudstenesta. Invitasjon til alle døypte som fyller fem år dette året kjem i posten. Alle 5-åringar er velkomne.

«Kjempetriveleg arbeidsplass»

Bjørn Stian Sigurdslid (37) er vikar som kyrkjegardsarbeidar i 50% stilling fram til 31.7.2021. I tillegg arbeider han som målar. Tidlegare har han vore på anlegg, men ville gjerne sleppe å pendle, så han kunne ta seg meir av familien. «Eg trivst kjempegodt i arbeidet», fortel han. «Det er variert, og eg likar alle oppgåvene.» Målarkunnskapane kjem også til nytte i kyrkja. På biletet målar han eit stakkertjerde på ei grav ved Kviteseid gamle kyrkje.



Kyrkjegardsdrifta

Det er ei stor og viktig oppgåve å ta vare på kyrkjegardane på ein fin og verdig måte. Kyrkja driftar kyrkjegardsforvaltinga

på vegne av heile lokalsamfunnet. I sommarsesongen prøver vi å halde dei fine med dei ressursane vi har til rådvelde.

Nokre plassar går grasklippinga greitt, andre stader er det meir krevjande. Vi håper det stort sett har sett greitt ut i sommar.

Blomsterplanting og stell er familien og dei etterlatne sitt ansvar, men ein kan også inngå avtale med kyrkjeverja om stell. Ein slik avtale kan gjelde fleire år, der kyrkja plantar i sjølvvatningskassar og steller i sommarmånadene, eller ein kan gjere avtale om vatning og eventuelt planting for ein sommar om gongen. Vi har prisar for dette. Før jol kan vi leggje kransar på graver viss det er interesse for det. Du må då ta kontakt.

Gravstein og gravminne er pårørande sitt ansvar både å skaffe, setje opp og ta vare på. Gravferdsbyrå og digitale tilbydarar er hjelpsame med dette. Festar av grava er ansvarleg for at steinen står støtt. Blir han skakk av tele eller jordsmonnet, må han rettast opp. Dette kan tilsette hjelpe til med. Vert det større arbeid, som til dømes med maskin, må vi ta noko betalt for dette, men dette gjer vi ikkje utan avtale med festar. Gravstein på ny grav kan ikkje setjast opp før etter 6 månader. Er det vinter då, må ein vente til våren når tela er borte. Ved midlertidig fjerning av ein gravstein ved til dømes graving av ny grav, vert steinen sett inntil kyrkjeveggen eller eit gjerde slik at ein ikkje ser skrifta.

Eit blomsterbed kan vere like breitt som gravsteinen, men ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå bakkant av steinen. Blomsterbed treng ikkje ha ramme rundt, men om ynskeleg kan det lagast ei ramme av tre.

Ramme av Stein er ikkje tillate. Bedplate jamt med graset er greitt, men vert denne øydelagd av drifta, vert ingenting erstatta.

Ei ny grav er gratis og utan festeavgift i 20 år. Men reserverer du ei grav ved sida av, vert det festeavgift for den reserverte frå fyrste år. Denne vert heller ikkje gratis når ho vert teken i bruk. Ved gjenbruk av graver som allereie er festa, vil betalinga halde fram. Giro for festeavgift vert sendt ut for 5 år om gongen. Kommunestyret vedtek satsane. Dei er no frå 2020 kr 250 pr grav pr år.

Når familie/festar ikkje ynskjer å ha grava lenger, tek ein bort gravsteinen. Dette er òg familien eller festar sitt ansvar. Det vanlegaste då er at vi blir bedne om å gjere arbeidet. Steinen vert tatt bort og vi sår i gras der steinen stod. Steinen blir tatt vare på i eitt år i tilfelle nokon angrar seg. Vi oppbevarer slike steinar samla utanfor kyrkjegarden til dei vert destruerte. Familien kan òg velje å gjere arbeidet sjølv. Ei sletta grav vert då disponibel til ny bruk. I gravregisteret vert den overført til historisk register. Ei grav kan nyttast på nytt tidlegast 20 år etter siste gravlegging.

Nyttig informasjon og gravferdsvedtekter kan du finne på nettsida vår www.kviteseid.sokn.no under MENY. Sommaren 2017 vart alle gravsteinar som var i Kviteseid då, fotograferte. Desse kan du finne under www.slektogdata.no

Tak gjerne kontakt med kyrkjeverja om du har spørsmål om noko ved gravferdsforvaltninga.

Konsertar

Søndag 8/11 «Allehelgens-konsert» i Kviteseid kyrkje.

Konserten er eit samarbeid med diakon Eilev Erikstein og blir gjennomført for fjerde året på rad. I fjor vart konserten haldt på Dalen, men er tilbake i Kviteseid i år. Jan Haugen har med seg mangeårig musiker Ola Ajer, Erling Eriksen og John Trygve Bakke, alle frå Lunde. I tillegg blir Kristin Kleiv og Randi Strømsvik med. Repertoaret er variert med mellom anna songar av Bob Dylan, Johnny Cash, Dire Straits og Eric Clapton.

På grunn av korona-situasjonen vil det bli påmelding på Vipps til nr 91120248.



Julekonsertar i 2020

Organist, Olav Holm skriv:

I år blei mykje annleis enn det me er vande med, og jula blir nok ikkje noko unntak. Den tradisjonsrike julekonserten i Kviteseid kyrkje 3. sundag i advent kan ikkje avviklast på same vis som før, sidan det til vanleg er tett med folk både framme i koret og i benkane den dagen. Likevel vil det bli mykje song og musikk å glede seg til i kyrkjene i samband med jula. I skrivande stund er ikkje detaljane på plass. Men for dei som allereie har huka av kvelden 13. desember i kalenderen, kan me røpe at det og blir ein konsert 13. desember. Me lagar eit påmeldingssystem slik at me har kontroll på kor mange som kjem, men vil også lage ei strøymeløysing for dei som sit heime.

Informasjon om konsertane vil kunnjeraast i ulike media etter kvart som det er klart, så fylg med utover hausten!

Døyte

Brunkeberg: Tone Råmunddal Tveito
Alexander Slettemeås
Sander Slettemeås

Kviteseid: Sondre Egeland Bakken
Sigrid Andersen
Markus Meinstad Veting

Vigde

Kviteseid: Monika Bunkenborg
Bakkani Bentsen og
Thomas Bunkenborg
Bentsen

Døde

Vrådal: Aase Roholdt

OPPSLAGSTAVLA

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Føremiddagstreff

28. oktober kl. 11 på Misjonshuset
25. november kl. 11 på Misjonshuset
9. desember kl. 11 i Kviteseid kyrkje – adventskonsert for eldre

Kyrkjelydsbasar 28.nov. 2020 på Misjonshuset

Det vert vanleg basar med loddsal i bøker til hovedtrekning og enkelt lodd til mindre trekningar. Nytt av året: Det blir òg ein heil-digital basar. Smittevern. Mange fine gevinstar, sal av julebakst, gjærbakst og andre varer. Kaffe, kaker og suppe undervegs.

I år oppmodar vi alle til å kjøpe lodd i god tid. Bestill lodd i dag med innbetaling til bankkonto 2660.45.14648 eller på Vipps 3850 (kategori 6) Merk betalinga med 'BASAR Ditt navn og telefonnummer'. Vi melder tilbake når betalinga er registrert.

Det vert loddsal etter alle gudstenester, i Kviteseid sentrum og på telefon/sms til 97042675 (Dagfinn Køhn)

Vi er takksame for gevinstar, men vil gjerne ha dei før 15. nov.

Kontakt Kirsti Skjæveland 41264364 eller Gunhild Dobbe 90176116 om du har spørsmål.

Følg med på vår facebook @kyrkjetrappa, nettsida www.kviteseid.sokn.no, og annonse i VTB

Misjonshuset i Kviteseid:

Oktober

20.10. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Terje Olafsen

25.10. kl. 11.00

0-100 familiemøte – Martha Irene Eriksrød

27.10. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Jens Bergsland

November

03.11. kl. 19.00

Tysdagsmøte «Åpen Bibel»

08.11. kl. 11.00

0-100 – Inge Håvard Jore

10.11. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Sam Tore Bamle

17.11. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Kjell Johan Nenseter

22.11. kl. 11.00

0-100 – sjå annonse

24.11. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Leif Raustøl

Desember

01.12. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Møyfrid Lunde

06.12. kl. 16.00

0-100 Adventsfest – Sjå annonse

08.12. kl. 19.00

Tysdagsmøte – «Åpen Bibel»

RETURADRESSE:
KYRKJEKONTORET
KVITESEIDGATA 13
3850 KVITESEID

Gudstenester

OKTOBER

Sun. 18. 20. sundag i treeiningstida

Joh 11,1-5.

Kviteseid kyrkje kl. 11.

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.

Barnegospel. Ofr. TV-aksjonen, (WWF)

Sun. 25. Bots og bønedag

Luk 13,22-30.

Fjågesund kyrkje kl. 11.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Kirkens SOS Telemark.

NOVEMBER

Sun 1. Helgemessesundag

Matt 5,1-12.

Kviteseid kyrkje kl. 11.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Stefanusalliansen.

Sun. 8. 23. sundag i treeiningstida

Mark 10,28-31.

Brunkeberg kyrkje kl. 11.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Stefanusalliansen.

Sun. 15. 24. sundag i treeiningstida

Joh 6,63-69.

Kviteseid kyrkje kl. 11.

Møyfrid Lunde. Ågapet.

Ofr. Institutt for sjelesorg.

Sun. 22. Inga gudsteneste

Sun. 29. 1. sundag i advent

Matt 21,1-11.

Vrådal kyrkje kl. 11.

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde,
Unge røyster, Adventskalender
til 5-åringane. Ofr. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.

DESEMBER

Sun. 6. 2. sundag i advent

Joh 14,1-4.

Kviteseid kyrkje kl. 11.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Det norske bibelselskap.

Sun. 13. adventskonsert

– sjå omtale

Sun. 20. 4. sundag i advent

Luk 1,46-55.

Kilen kapell kl. 16.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.